

Erling Birkedal

Religiøsitet fra barndom til voksen. Tretten livshistorier om tro og livstolking

IKO-Forlaget. Oslo, 2020

Anmeldt av Oddgeir Synnes
oddgeir.synnes@vid.no



I eit velkjend sitat hevdar Søren Kierkegaard at «Livet kan kun forstås baklengs, men – det må levas forlengs». Sitatet peikar på den refleksive avstanden som vi treng for å skape ei forståing av oss sjølve, den vi ein gong var og kanskje framleis er. I denne sjølvfortolkande prosessen spelar forteljingar ei grunnleggjande rolle. Ved å sjå tilbake på livet freistar vi å skape forståing, samanheng og ei retning mot framtida.

Sitatet av Kierkegaard dukka opp under mi lesing av førsteamanuensis i praktisk teologi, Erling Birkedal si bok *Religiøsitet fra barndom til voksen: Tretten livshistorier om tro og livstolking*. Boka byggjer på eit større forskingsprosjekt der Birkedal har følgd tretten personar frå dei er i byrjinga av tenåra til dei er midt i trettiåra. Gjennom individuelle kvalitative intervju om tro og liv gir Birkedal ei rik forståing nettopp av korleis livet blir forstått retrospektivt. Dei ulike informantane sine refleksjonar over eige liv og tilbakeblikk på tidlegare intervju og tidlegare versjonar av seg sjølv gir eit nyansert portrett av den kontinuerlege og uavslutta prosessen som det å forstå sitt eige liv retteleg er.

Birkedal si bok står i ein stendig aukande forskningstrend der livshistorier og narrative perspektiv blir sentrale for å forstå menneskeleg erfaring og levd liv;

og der fagfelt som narrativ psykologi, narrativ medisin, narrativ gerontologi og narrativ pedagogikk har vokse fram. Birkedal plasserer seg sjølv innan det religionspsykologiske feltet med særskilt inspirasjon frå psykologen Dan P. McAdams si livshistoriske forskning. McAdams sin teori om at vår identitet må knytast til utviklinga i livshistoria vår har fått stor merksemd innan narrativ psykologi og andre fagfelt og understrekar korleis livshistoria eller det han omtalar som myta om oss sjølv er noko som er i endring gjennom livet. Her spelar narrative element som til dømes livskapittel, sentrale hendingar, vendepunkt og signifikante andre ei avgjerande rolle i korleis individet skapar og opprettheld si livsforteljing.

Birkedal si interesse i dette bokprosjektet er å undersøkje endring av religiøs tro gjennom livet og han opererer med følgjande problemstilling: «Hvordan kan vi forstå utvikling av religiøs tro fra barndom til tidlig voksen alder i lys av individets livshistorie og kulturelle kontekst?». Denne problemstillinga undersøker Birkedal gjennom eit rikt longitudinelt narrativt materiale som er unikt i norsk samanheng. Der dei fleste kvalitative studiar møter informantane i eit kort tidsrom, stundom berre ein gong, har Birkedal møtt sine

informantar ei rekkje gonger over mange år. Først fire gonger då informantane var 13-15 år, ein gong då informantane var i midten av tjuetåra og til slutt i 2016-2017 då informantane var 35 år. Dette gir eit svært rikt materiale som opnar for kontrasterande og supplerande forståingar over tid og gjennom delar av livsløpet. Medan McAdams gir retning til sjølve innhentinga av materialet og grunngevinga av å undersøkje nettopp livsforteljingar i endring, erkjenner Birkedal at McAdams ikkje gir analytiske reiskapar for å forstå det som er Birkedal sitt fokus: endring av religiøs tro. Her finn Birkedal støtte i teori om religiøs konvertering og tilknytning m.m. for å analysere livshistoriene.

Etter å ha presentert sjølve forskingsprosjektet og teoritilfanget er ein stor del av boka vigd til ein utfyllande presentasjon av dei tretten informantane. Desse tretten er vidare inndelt i tre delar: dei som har spesifikk erfaring med religion frå barndommen, dei som har noko erfaring, og dei som har liten eller inga erfaring med religion. I spennet mellom desse tre brettar Birkedal ut eit materiale som gir eit variert innblikk i utvikling og kontinuitet over tid og der informantane sine stemmer kjem til orde. Ei utfordring med denne delen er at den blir noko skjematisk framstilt, og der alle forteljingane skal presenterast gjennom meir eller mindre dei same momenta. Nokre av forteljingane er meir engasjerande enn andre (til dømes Astrid og Daniel), og eg tenker nok at det ville ha vore ein styrke for boka om Birkedal hadde vald ut nokre av forteljingane og gått meir i djupna på dei. Birkedal reflekterer sjølv over dette i byrjinga av boka, men landar på å ta med alle for å vise mest mogleg breidde og representasjon. Ulempa med dette valet og den framstillinga dette resulterer i er at

det til tider blir krevjande å skilje dei ulike livshistoriene frå kvarandre. Fleire av dei er ikkje så ulike, og nokre glir uvilkårleg over i kvarandre eller er raskt gløymde. Til tider ber framstillinga her meir preg av å vere ein forskingsrapport enn ei bok. Og det er synd, for boka og prosjektet har kvalitetar og perspektiv som fortener eit større publikum.

Noko av utfordringa med presentasjonen av heile tretten forteljingar blir også merkbar i den avsluttande drøftinga der Birkedal lar forteljingane gå i dialog med dei nemnde teoriperspektiva og aktuell forskning. Her blir det stundom krevjande å hugse kva forteljing som skjuler seg bak alle pseudonyma. Men trass denne innvendinga gir drøftinga ei nyansert forståing av livshistoriene, og Birkedal turnerer her eit stort og omfattande materiale på ein overtydande måte i møte med teoritilfanget. Særleg vil eg trekkje fram den varheita Birkedal viser informantane og livsforteljingane der faren for overfortolking og behovet for å bevare nyansane i den enkelte livsforteljinga er vektlagt.

I drøftinga viser Birkedal at religiøs endring må forståast som eit komplekst samspel mellom individet sine ressursar (kognitive, sosiale og emosjonelle), menneska rundt ein, dei erfaringar ein ber på og det samfunnet ein er ein del av. Her får vi ei nyansert forståing av korleis informantane reflekterer på langs av sine livsforteljingar. Birkedal viser korleis religiøs endring inneber modning og auka sjølvinnsikt, samstundes som dette ikkje kan forståast som ein lineær prosess.

Gjennom dette rikhaldige og unike materialet viser Birkedal styrken i eit narrativt perspektiv for å forstå menneske sine refleksjonar om seg sjølv og sin eigen stad i verda over tid. Eit spørsmål som

melder seg, men som blir ubesvart i boka er om der er planar for fleire intervju med informantane. Her ligg det opplagt moglegheiter for å utvide dette prosjektet.

Kunne ein tenkt seg at Birkedal eller andre forskarar kunne ha følgt informantane seinare i livet òg?

Anders Johansen

Komme til orde: Politisk kommunikasjon 1814-1913

Universitetsforlaget. Oslo, 2019

Anmeldt av Fredrik Saxegaard
Fredrik.Saxegaard@mf.no



Anders Johansen er professor i sakprosa-studier ved Universitetet i Bergen, og har i mange år vært en produktiv forfatter av bøker om retorikk i ordets videre betydning. Han har skrevet om språk og skriveprosess i *Samtalens tynne tråd*, om politisk kommunikasjon i møte med 1900-tallets teknologi i *Talerens troverdighet*. Sammen med Jens Kjeldsen har han utgitt en gedigen samling med norske offentlige taler, *Virksomme ord*. Og det er mye mer.

Selv om Johansen ikke først og fremst er opptatt av religiøs kommunikasjon, er det mye å hente i tekstene hans for de som har interesse for nettopp det. For det første fordi han som historisk orientert retoriker selvsagt skriver en del om kristne forkynnere og homiletiske lærebøker, og den rolle disse har spilt i ulike faser. Men mer interessant synes jeg det er å lese ham for å bli oppmerksom på sider ved kristen kommunikasjon og forkynnelse vi kanskje tar for gitt eller overser, men som analysene hans får frem.

Begge disse aspektene gjelder absolutt monumentalverket *Komme til orde: Politisk kommunikasjon 1814-1913*. Over 950 sider forteller Johansen om Norge fra grunnlovsvedtakene til kvinners stemmerett, lest som en historie om tilgangen til retoriske ressurser og retorisk medborgerskap. Boken har to teoretiske perspektiver som driver beretningen fremover (s. 27):

For det første det en kan kalle et systematisk blikk, som handler om hvordan retorisk kultur er konstituert av ulike forhold i samfunnet, og samtidig spiller tilbake på, og medierer, samfunnsutviklingen. I tidligere bøker har Johansen markert avstand fra Neil Postman's «The medium is the message» forstått som en deterministisk identitet mellom medium og budskap. Samtidig har han et skarpere blikk enn de fleste for det berettigede i utsagnet, nemlig hvordan teknologi og diskurser er medbestemmende for hva som kan sies på hvilke måter for å få gjennomslag. Spesifikt